

Neste kino er **tysdag 21/8** på Hovden og **onsdag 22/8** i Bykle.

For meir informasjon: www.bygdekinoen.no

Sommarles-fest!

Dei som har nådd level 10 i årets Sommarles vert invitert til fest på biblioteket.
Biblioteket på Hovden: **tysdag 25/9 kl. 17-18**
Biblioteket i Bykle: **onsdag 26/9 kl. 17-18**
NB! Fortsatt noko tid igjen til å nå level 10
Kampanjen varer til 31/8 og er for 1-7.klasse.



Helsing biblioteket

Middagsfellesskap i Bykle kyrkje

Me inviterer til middag i kyrkjekjellaren fylgjande dagar:

- Tysdag 18. september
- Tysdag 9. oktober
- Tysdag 13. november

Middag frå kl 16:30. Pris kr 50,-/born gratis. Velkomen!

Arr.: Soknediakonen

Møte på Klippen i Bykle

Sundag 26.august kl.18.00

Hans Erik Haldorsen og Jan Christensen taler

Arrangør: Klippen pinsemenighet

Jaktskyting på Geiskeli skytebane

Tirsdag 07.08, torsdag 09.08, tirsdag 14.08 og torsdag 16.08

Påmelding kl. 18.00 – 20.00. Salg av ammunisjon.

Kun kontant betaling. Husk våpenkort!

Arr: Bykle Skytterlag

Gudstenester og møte



Facebook: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad
www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Bykle gamle kyrkje - 8. juli kl. 19.00

Gudsteneste.

Bykle kyrkje - 5. august kl. 19.00

Gudsteneste

Byklestøylane - 12.august kl. 12.00

Friluftsgudsteneste

Fjellgardane kyrkje - 26. august kl. 19.00

Gudsteneste.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Lars Monsen til Hovden

Torsdag 11.oktober får vi besøk av Lars Monsen!
Billetter kr 250,- kjøpast på Hovden grendehus/ebillet.no
Arr: Biblioteket og Bykle jeger- og fiskeforening



Boksirkel

Vi lesar boka «Ta vare på mamma» av sør-koreanske Shin Kyung-sook. Vil du vere med? Ta kontakt med biblioteket, så kan vi skaffe boka.
Biblioteket, Hovden grendehus, 29/8 kl. 19-20.
Velkomen!



Følg Kulturpatrulja på Facebook



Setesdalsmuseet

VELKOMMEN, GODT KONTAKT!
Setesdalsmuseet i Hovden og i Bykle, og i Grendehus i Hovden.

Kulturpatrulja- med ekte setesdalskultur til folket

Velkomen til gratis sommarkonsertar i regi av Visit Setesdal og Setesdalsmuseet

Konsertliste 2018:

4. juli kl. 16.30	Flatland camping	kl. 19.30	Bykle gamle kyrkje
5. juli kl. 13.00	Bygland museum	kl. 15.00	Rysstad sentrum
6. juli kl. 13.00	Odden camping	kl. 15.30	Neset camping
7. juli kl. 15.00	Hovden Sentrum	kl. 17.00	Brokkestøylen, Brokke
11. juli kl. 16.30	Sølgarden, Rysstad	kl. 18.00	Flatland camping
13. juli kl. 13.00	Hovden sentrum	kl. 15.00	KK Thai (Bergtun Valle)
14. juli kl. 11.00	Slåttedag Rygnestad	kl. 13.00 og kl. 15.00	Matmarknad Ose
18. juli kl. 12.00	Bjoren (frå Bygland museum)	kl. 16.30	Sølgarden, Rysstad
19. juli kl. 13.00	Odden camping, Evje	kl. 15.30	Neset camping
25. juli kl. 12.00	Bjoren (frå Bygland museum)	kl. 15.00	Valle sentrum



SOMMARKONSERTAR I SETESDAL SUMMER CONCERTS

Onsdagar kl. 19.30
Wednesdays 7:30 PM

Fri entré på alle konsertane
Free admission

27. juni i Valle kyrkje:
Den Nye Oslo Trio

25. juli i Valle kyrkje:
Marcus André Berg, orgel

4. juli i Bykle gamle kyrkje:
Kulturpatrulja

1. aug i Fjellgardane kyrkje:
Anda: Lina Sandell
i folkemusikalsk drakt

11. juli i Hylestad kyrkje:
Tina Lynderup, song

8. aug i Bykle kyrkje:
Elsebeth Lütcherath, orgel
Kari Ingelsrud, klarinett

18. juli i Fjellgardane kyrkje:
Inger Lise Stulien, song

Takk til våre sponsorar



REKORD FESTIVALEN 24.08 -25.08.2018

Rekordfestivalen feirer 10-årsjubileum!
Det gjør vi med bl.a. å invitere tilbake noen fantastiske artister som har spilt hos oss tidligere!

På fredag spiller ingen ringere enn Bjørn Eidsvåg, VIAN og MK's Marvellous Medicine.
På lørdag spiller Sordal, Fieh, Klondike samt Grande & Sordal som sørger for en verdig avslutning med favoritter fra klassisk rock! I tillegg kan dere forvente show fra Múrtebandet! Det blir fjelltur med en musikalsk overraskelse og stisykling. Endene er topprente, og Andeløpet kommer til å bli enda mer ekstremt enn noen gang tidligere!

Billettsalget har startet - bli med oss på feiringa!

www.rekordfestivalen.no

10 ÅR!

Rysstad 27.-29. juli

Setesdalsfestivalen 2018

Kappleik og konsertar

Lena Willemark, Karin Nakagawa og Anders Jormin

Laila Yrvum, Leiv Solberg og Oluf Dimitri Røe

Stina Brandin

Gunnar Stubseid og Hallvard T. Bjørgum

Gard Nergaard og Michael Krumsins

Dei beste kvedarane i Setesdal

Billetter: Sjekk Setesdal Spelemannslag på facebook

Setesdal Spelemannslag
www.setesdalfolk.no

Sommarles – lesekampanje for 1.-7.trinn.

Barna registrerer seg på Sommarles.no/ Sommerles.no og registrerer det dei har lese gjennom sommaren. Alle har fått informasjon om dette på skulebiblioteket. Info om Sommarlesfest kjem i augustutgåva av Byklaren. Kodeord til Sommarlesforteljinga vert lagt ut på setesdalsbiblioteka.no og på biblioteket si Facebook-side (Bykle folkebibliotek).

God lesesommar frå biblioteket!





Informasjon frå Bykle kommune

www.bykle.kommune.no

Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersielle hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

Byklaren kjem ut som fylgjer i 2018:

September (frist 15.08), **oktober** (frist 15.09), **november** (frist 15.10) og **desember** (frist 15.11)
OBS: ny e-post adresse for innsending av stoff.

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bykle.kommune.no/Innsyn

Planutvalet: 20.08.kl. 18:00

Formannskapet: 21.08. kl. 18:00

Kommunestyret: 30.08. kl. 18:00

[Høyr opptak frå Bykle sine kommunestyremøter.](#)

Ungdomsklubben «Shadow»

Shadow tek no sommarferie og startar opp att i slutten av august.

SommarCamp 2018 er no sett, og dei unge har meldt seg på ulike aktivitetar. Det blir 33 unge som deltek kvar dag i perioden 8. – 10. august. Det blir moro.

Informasjon er sendt med heim til alle. Ta vare på dette heftet, her står det de treng å vite for aktivitetar, transport, kontaktperson på kvar aktivitet og grillfesten fredag ettermiddag.

Følg med på FB «Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden»!

Bykle og Fjellgardane barnehage

Bykle og Fjellgardane barnehage er sommarstengde i veke 29 og 30.

Kulturhusa—opningstider i sommar

Hovden grendehus:

25. - 29. juni, måndag - fredag: ope kl. 10.- 17.

2. juli - 5. august: stengt

6. - 17. august, måndag - fredag: ope 10.- 17.

Frå 20. august: ordinær opningstid

Bykle samfunnshus:

25. - 28. juni, måndag - torsdag: ope kl. 12.- 17.

2. juli - 5. august: stengt

6. - 16. august, måndag - torsdag: ope kl. 12.- 17.

Frå 20. august : ordinær opningstid



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 08:00 - 15:30

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

Skulestart

Skulestart for skulane i Bykle er måndag 20. august klokka 08.30.

Velkomen til nytt skuleår !

Dagsenter

Kvar torsdag, bortsett frå den siste torsdagen i månaden, inviterer vi til dagsenter på Bykle alders- og sjukeheim. Meld deg på ved å ringe tlf 37 93 86 56 onsdagen før (mellom kl. 08 og 14). Opplys om namn, om du skal ha middag og om du treng skyss. Skyss er gratis og middag kostar 62 kr.

Kafétreff

På Bykle hotell torsdag 30/8, 27/9, 25/10, 29/11, 19/12
Frå kl 11.30 til 15.00. Middag/dessert & kaffi kostar 145 kr.
Påmelding til Bente på tlf 37938655, seinast kl 15. dagen før.

Opningstider for Nav Bykle i sommar

Frå 01. juni til 31. august endrar NAV Bykle opningstidene til:
Opent utan timeavtale tysdag og torsdag frå 12.00 til 14.30.
Elles tek vi i mot brukarar måndag – fredag frå 08.00 til 15.00 etter avtale

Bykle rådhus - opningstider i sommar

Veke 27 – 31 (f.o.m 2.7 t.o.m. 3.8) ope kl. 09 - 14

Mange av dei tilsette på Bykle rådhus tek ferie i juli og august. Det er difor lurt å avklare om den du ønskjer å møte er til stades, før du møter opp på rådhuset.

Besøk utanom opningstidene kan avtalast direkte med den aktuelle sakshandsamaren.

Opningstider for legekantora i veke 28-30

I samband med ferieavvikling vil det vere samdrift for legekantora i Valle og på Hovden frå og med veke 28 til og med veke 31. I denne perioden er det berre eitt legekantor som er ope og som tek imot pasientar frå Valle kommune og Bykle kommune

9/7- 15/7: Valle legekantor ope: 08.00-15.00.

Hovden legekantor er stengt.

16/7- 22/7: Valle legekantor ope: 08.00-15.00.

Hovden legekantor er stengt.

23/7-30/7: Hovden legekantor ope : 08.30 – 15.00

Valle legekantor er stengt.

Valle Legekantor: 37937540 **Hovden Legekantor:**37938680

Legevakt mellom kl. 15.00 - 08.00: 116117

Ved øyeblikkelig hjelp: 113

Tømekalender

Rest- og matavfall: 4 juli og 1. august

Matavfall, glas/metall, papir og plast: 18. juli og 15. august

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30.

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Kontaktinfo: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

T: 37930040 post@smg-iks.no Sjå www.smg-iks.no

Tannlegar

Bykle tannklinikk - 37938617, Bykle helsesenter.

Klinikken er open: Kl. 08:00 - 15:15

Oddetalsveker: tysdag, onsdag, torsdag, fredag.

Partallsveker: tysdag, onsdag.

Vi har ledig kapasitet og tek gjerne imot nye pasientar!

Hovden Tannklinikk, Hovdetun

Ring 37 88 55 88 for timeavtale

Dalebuksekurs

Buksekurs v/Laila Rysstad. Kurset er

på 150 timar og startar opp **tysdag**

21.august. Kurset vil gå på tysdagar

frå kl 17-22. Medlemspris 30,- per time, ikkje medl. 50,-.

Bindande påmelding innan 15.juli til Jørgine Mosdøl på tlf.: 951 72 235 eller mail: jorgine@online.no.

Arr.: Bykle Husflidslag

Bykle MC-klubb

Bykle MC Klubb har ein flott verkstad, lagringshall for vinterlagring og crossbane på Skarsmo som er tilgjengelig for medlemar. Det kostar

200,- for enkelt og 300,- for familiemedlem i året. Ta gjerne kontakt

med Ivan Bratten for meir informasjon på epost:

ivan.bratten@bykle.kommune.no eller telefon: 90720730

Velkomen !!!

Slepp av vatn i Sarvsfossen

Laurdag 16.09 kl. 14:00 - 16:00

Program

- Skarg kraftstasjon er open kl. 12.30 – 13.00
- Frå kl. 14:00 slepp av vatn i Sarvsfossen.
- Spektakulær trialoppvisning
- "Sirkus-verkstad" med gruppa "Taraxacum"
- Gratis pølser frå grillen. Kaffi og saft til alle.
- Otra Kraft er til stades og svarer på spørsmål

Vi ynskjer bygdefolk og turistar velkomen!



Arr: Otra Kraft og Bykle kommune

Språkkafé på bibliotek på Hovden

Tilbod til alle som vil trene på å snakke norsk.

Tysdag 28.august kl. 18-19.30

Språkkafeen vil vere eit lavterskeltilbod ca. ein gong per månad. Programmet er enkelt, vi møtast for å snakke norsk over ein kopp kaffi eller te ☺

Ingen påmelding, men har du lyst til å vere med som språkvert? Dette er enkelt og hyggeleg, og det einaste vi krev er at du snakkar norsk.

Ta kontakt med Merete Egeland:

tlf. 996 31 595 / merete_egeland@hotmail.com.

Velkomen!



Utstilling med jury i Valle bibliotek.

Bykle og Valle kunstlag har gleda av å invitera unge, eldre, profesjonelle og uetablerte kunstnarar til ei utstilling med jury. Dette i samband med opninga av det nye biblioteket i Valle 15. september. Me vil gjerne syne eit tversnitt av kunstneriske uttrykk, med utøvarar busatt, eller med tilknytning til Valle og Bykle.

Tema for utstillinga er: « DYR » og den vil hengje fram til 4 november.

Teknikkar: måleri, grafikk, collage, teikning, bl.teknikk, fotografi og skulptur, keramikk og tekstil. Maksimum 3 arbeid pr utøvar. Eventuelt sal må gå føre seg mellom kjøpar og utøvar direkte.

Innlevering av arbeid til juryering i Frikyrkja i Valle: Fredag: 31 august kl. 15:00 – 18:00 og laurdag kl. 11.00 – 13:00.

For meir informasjon

Grete Swahn/leiar

Epost: swahngrete@gmail.com



Ulvetuva-festivalen

Laurdag 18. august i Bykle.

Kl. 12.00 : Samling ved YX bensinstasjon i Bykle, felles kjøring inn til Reinevatn. Song, tale og markering ved Ulvetuva. Kl. 15.00: Samling i Bykle samfunnshus med sal av Setesdalsuppe og anna. Deretter to-delt kulturprogram med innslag av musikk og tale/forteljing. Desse deltek: Fjellfolk, Vetle Tveiten Hoslemo, Eldbjørg Trydal Rysstad, Olav Holen, Bjarne Tveiten, Lars Bakka, Alf Odden, Åslaug Bråtveit, Tone Avdal.

Arr: Setesdal sogelag